



Naturvernforbundet
i Ørsta og Volda



Volda, 05.08. 2025

NVE

nve@nve.no

Revisjon av konsesjonsvilkår - regulering av Mørevassdraget. Saksnr 201401566.

Takk for høvet til å komme med eit supplerande innspel!

I høyringsrunden på denne revisjonssaka sende Naturvernforbundet i Ørsta og Volda inn ei fråsegn saman med Volda Jeger & Fisk.

På synfaringa 24.06 kom det fram mykje god og nyttig informasjon. Både frå brukarar av vassdraget, frå regulanten og frå NVE.

Vi noterte oss at det er eit større rom for å krevje endringar i tappingsregimet i Grøndalsvatnet enn det vi trudde "*Retningslinjer for revisjon av vassdragsreguleringer*" (OED 2012) opnar for. Dette vil vi gjere oss nytte av, og vil difor fremje krav om endringar som

- betrar landskapsbiletet i Grøndalen
- tek omsyn til fisk som treng mat og tilgang til gytebekkar
- betrar botnvegitasjon og miljø for botndyr og vadefuglar
- tek betre omsyn til hytte- og friluftsliv.

Vi ser at dette er i tråd med kapittel 5.3 i OED sine retningslinjer.

I dag manglar vi god nok kunnskap for å komme desse omsyna i møte. For å forstå konsekvensene av ulike grader av nedtapping (i meter) må det lagast eit kart som syner dybder og grunner i vatnet.

Fiskebestanden bør også kartleggjast, med omsyn til kvantitet og kvalitet og gyteplassar.

Trass desse manglane i kunnskapsgrunnlaget vil vi tru at ei meir skånsam nedtapping av vatnet frå 15. juni og ut september månad vil bøte på nokre av dei skadene vi vart gjort merksame på under synfaringa 24. juni. **For denne perioden vil vi be om at konsesjonæren får pålegg om ein lavaste vannstand som sikrar dei biologiske verdiane.**

Dette vil vere i tråd med Tussa sine uttalte intensjonar; “Det vil normalt vere høg magasinffylling gjennom heile sommarsesongen til ut på seinhausten ...” (i brev til NVE 2013).

Med helsing frå Naturvernforbundet i Ørsta og Volda og Volda Jeger & Fisk,
v/ Knut Festø (saksansvarleg).